

Charlotte Kvinge-Dalland

Søknad om dispensasjon frå avstandskrav til nabogrense : Tilsvar på nabomerknad

At det kan vere noko støy frå gardsdrift er vel normalt når ein driv med husdyrhald. Det er vel heller lite sansynleg at event. støy frå drifta ville bli merkbar mindre om ein plasserar bygget 4 meter frå nabogrensa. Eit anna moment er at ein må pårekne dei ulempene som fyljer av gardsdrift, når ein er busett i LNF område.

At det i framtida kan bli bygt noko på motsatt side av omsøkte bygg, er det vanskeleg å argumentere verken for eller i mot. Det som er ganske sikkert er at den event. framtidige byggingen må vere innanfor landbruksøyemed, sett ut frå kommunen sin arealplan.

Både siloen og andre delar av eksisterande bygningssmasse skal oppgraderast, det er ein del av omsøkt tiltak.

Heile poenget med planlagt plassering av omsøkt tiltak er å kunne benytte eksisterande gjødselkjellar, samt eksisterande infrastrukturar som veg, vatn, stråum mm. Eit anna viktig moment med omsøkt plassering er nærheit til fjøsen og til dyra som skal ha sitt daglige stell.

Ved å flytte bygget Vestover, for samstundes å kunne benytte eksisterande gjødselkjellar, vil tiltaket kome for nær eksisterande bygningssmasse til at det vil bli ei tilfredsstillande løsning.

Løysinga som her er omsøkt er etter vår meining planmessig og økonomisk den beste for oss.

Vi kan ut frå dette ikkje sjå at ei slik plassering som omsøkt vil føre til uforholdsmessige negative konsekvensar for nabo. Dette baserar vi på at dagens driftsbygning er plassert nær nabogrensa i dag og ny planlagt plassering ikkje vil kome nærmare enn dagens silobygg.

Sak : 22/4185 - 22/50680

5906 Frekhaug

Pb 4

Alver kommune

5936 Manger

Dalland 50

Charlotte Kvinge-Dalland

27.09.2022